

## Referat

### Studieprogramråd for sjukepleie, campus Stord og Haugesund

**Møtedato: 25.02.21 kl. 11:00 – 12:30**

**Møterom: digitalt møte, Teams**

Til stades: Leif-Steinar Alfsvåg, Else Cathrine Rustad, Solveig Laukhammer, Marianne Kambe, Bente Kvilhaugsvik (alle HVL), Stig Riise Pettersen (vara HVL), Fabian Selheim (studentrepresentant HVL Stord), Lidveig Stubhaug (Stord kommune), Nina Anette Hauge (HF Haugesund) Referent: Ingrid Stava

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/21 Godkjenning av referat, innkalling og sakliste	<a href="#">Referat frå møte 24. november 2020</a>	Innkalling og sakliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleiar	5 min
<b>Referat:</b> Innkalling og referat frå sist møte godkjend.				
2/21 Studiebarometeret 2020		Presentasjon ved fagseksjonsleiar	Orientering	30 min
<b>Referat:</b> Fagseksjonsleiarane går gjennom tala for Haugesund og Stord. Studiebarometeret vart gjennomført for studentar på 2. studieår (kull 2019) hausten 2020. Studieprogrammet skårar høgt på at studentane opplever studiet som fagleg utfordrande, samt på total tilfredsheit, men lågt på bruk av digitale læringsplattformer, motivasjon for studieinnsats, sosialt miljø og nødvendig kompetanse på digitale verktøy for lærarar. Skulen tar dette til etterretning. Det meldes om at studentar opplever at dei har mindre kontakt med medstudentar, mindre struktur på kvardagen, og at det er vanskelegare å få svar på spørsmål frå lærarar. Samstundes meldes det frå studentar som har lang reiseveg at dei er positive til meir digital undervisning. Det er gjort fleire grep dette studieåret for å tilby studentane eit sosialt fellesskap, både av HVL og studentsamskipnaden. Gjennom planlegging av kommande studieår gjer ein og grep for å leggje til rette undervisninga for eit meir digitalt opplegg.				
3/21 Covid-19 og praksis		Drøfting av implikasjonar og aktuelle tiltak for å tilstrebe kvalitet i praktiske studier under covid-19	Orientering/ diskusjon	30 min
<b>Referat:</b> Dette vårsemesteret har me mange studentar ute i praksis, og me har utfordringar knytt til både avvikling av gammalt studieprogram og innføring av nytt studieprogram, i tillegg til Covid-19-utfordringane. Studentane må oppnå tilstrekkeleg antal timar i praksis, samt læringsutbyttet for praksisemna. Korleis kan me leggje til rette for at studentane skal oppnå dette, gitt at situasjonen er slik den er?				

Praksisfeltet melder frå om at alternativ praksis på 4+4 veker har vore utfordrande, kontaktsjukepleiarar manglar mellom anna verktøy til å hjelpe studentar når dei ikkje kan ha midtvurdering.

Spesialisthelsetenesta meiner at det har vore dårleg informasjonsflyt, og at dette kom overraskande på dei like før jul. Dei meiner at det ikkje gir studentane like godt læringsutbytte når dei berre har 4 veker. Dei ser og at studentane startar på eit lågare nivå, då dei manglar simulering og ferdigheitstrening, jf. resultat i studiebarometeret, og etterspør høve for å kompensere med meir sjukehuspraksis i løpet av 3. studieår.

Fagseksjonsleiar syner til sterke føringar for at studentane ikkje skal få redusert progresjonen sin, så her vart det gjort ein vurdering om at ordninga med 4 + 4 veker praksis var eit det beste heller enn permittering. Studentane får tilbod om simulering, og ein er i dialog med tillitsvalde studentar om det. HVL handterer dette i henhold til forskrifta, men har forståing for at dette opplevast som usikkert for praksisfeltet. Når studentane kjem tilbake etter praksis 3, vil HVL tilby simulering og hjelpe dei med å vera trygge på sjukepleiaryrket, men det krev eit samarbeid mellom skulen og praksisfeltet.

Eit forslag kan vera å definere kritiske punkt for nyutdanna sjukepleiarar som kan utarbeidast denne våren, og gi dei dette som ein opplæring når dei startar i sommar. Vidare vert det føreslått å ha ein større grad av informasjonsutveksling på førehand, slik at ein kan førebu seg på sterke og svake sider ved studentar. Eit døme på dette kan vera overføringssamtale etter 4 veker mellom kontaktsjukepleiarar. HVL har oppmoda til å ha overføringssamtale, i tillegg til at studenten blir oppmoda til å sende begynnarskjema og AssCe-skjema til ny kontaktsjukepleiar.

<b>4/21 Eventuelt</b>			Orientering ved fagseksjonsleiar	10 min
<b>Referat:</b> Ingen saker til eventuelt				

Else Cathrine Rustad (Haugesund), Leif Steinar Alfsvåg (Stord)